



DEN NORSKE KYRKJA

Ullensvang kyrkjelege fellesråd

PROTOKOLL FRÅ MØTE I ULLENVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD 17.01.20 KL. 10:00 – 12:00

Stad: Odda soknehus.

Til stades: Lars O. Seim (leiar), Airin Nesse (medlem), Torhild A. Kristensen (medlem) til kl. 10:45, Steinar Tokheim (medlem), Torbjørn Dagestad (medlem), Kari B. Eitrheim (medlem), Arild Hellesøy (vara for Margrethe Ølberg Røed) frå kl. 10:15, Tørres Mæland (nestleiar) frå kl. 10:20, Torbjørn Bjotveit (medlem) frå kl. 10:45, Liv Eirill Evensen (kyrkjeverje).

Det var fleire medlemmar som ikkje hadde oppfatta møtetidspunkt, kyrkjeverja beklaga at dette var uklart. Neste gong vil innkallingane til administrasjonsutval og fellesråd sendast separat.

Kommunal representant var nyleg vald, denne var ikkje formidla til kyrkjeverja i tide til å kalle inn.

Saker:

01/20 Driftsbudsjett 2020 med vedlikehaldsbudsjett. Økonomiplan 2020 – 2023.

Orientering:

Grunnleggjande opplæring for fellesrådsmedlemar ved kyrkjeverja.

Vedlegg:

Forslag til driftsbudsjett 2020

Forslag til vedlikehaldsbudsjett 2020

Forslag til investeringsbudsjett (økonomiplan 2020 – 2023)

Saksbakgrunn:

Ullensvang kyrkelege fellesnemnd sendte 10.09.19 slik søknad om rammeløyving og investeringstilskot til Ullensvang kommunale fellesnemnd ved prosjektrådmann og økonomisjef:

1. Rammeløyve, drift: kr. 12 482 000 + 320 000 i øyremerket støtte til diakonstilling.
2. Kalkulert tenesteyting: 890 000 kroner (740 000 park + 150 000 økonomi).
3. Tilskot innan økonomiplanen: 825 000 i 2020.

Resultatet for kyrkja etter budsjetthandsaminga i kommunen vart slik:

1. **Rammeløyve, drift: kr. 11 955 000 + 320 000 i øyremerket tilskot til diakonstilling.**
2. **Kalkulert tenesteyting: 945 000 kroner (740 000 park + 150 000 økonomi + 55 000 reinhald).**
3. **Tilskot innan økonomiplanen: 850 000 i 2020.**

Reinhald prissett til kr. 55 000 kroner gjeld Odda soknehus og låg tidlegare inne i driftstilskotet, no er denne posten lagt inn som kommunal tenesteyting.

Med stramme ressursar dette året vert det naudsnyt med ein del grep for å ta ned på postar der dette er mogleg. Nokre postar har òg gått opp sidan septemberforslaget. Med vesentlege kutt i forhold til det opphavlege budsjettet vil vi dverre måtte skjera nokså kraftig ned på vedlikehaldet, det er ikkje så mange andre stader å ta det.

Drift og vedlikehald

Kyrkjeverja har innarbeidd slike forslag til justeringar i driftsbudsjettet (også med underlag i vedlikehaldsbudsjettet) for å saldera det:

- a) Ei mellombels stilling på 20 + 30 % kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar ved Ullensvang kyrkje vart avslutta ved nyttår, og vert ståande vakant inntil vidare. Det er kutta på fast løn under **042 kyrkjer** og **043 kyrkjegardar** tilsvarande slik vakanse. Det må setjast inn ekstrahjelp for å ta unna naudsnyt arbeid, det gjev moglegheit til å justera ressursbruken undervegs i

perioden utan nye vedtak. Budsjettet er auka opp på posten ekstrahjelp i til saman om lag 30 % stilling (**042 kyrkjer/ 043 kyrkjegardar**).

- b) Ei administrativ stilling som var redusert frå 100 til 90 % grunna permisjon for ein del år attende er auka opp att til 100 % då grunnlaget for permisjonen er borte. Gjeld **041 administrasjon**.
- c) Diakonstillinga vart fullfinansiert – og er no innarbeid i budsjettet. Då kjem det automatisk auke i pensjonskostnad og arbeidsgjevaravgift. Gjeld **044 anna kyrkjeleg verksemd**.
- d) Det vert sett av kr. 15 000 i frie midlar til disposisjon for diakonen.
- e) Refusjon til sokneråd i tidlegare Ullensvang kyrkjelege fellesråd for føring av rekneskap vert sløyfa med tanke på lik handsaming av sokna i det nye fellesrådet, kr. 25 000. **041 administrasjon**.
- f) Det er kutta kr. 10 000 i kurs/ opplæring. **041 administrasjon**.
- g) Det er kutta kr. 200 000 i vedlikehald kyrkjer. **042 kyrkjer**. Sjå separat vedlikehaldsbudsjett som viser kva for tiltak som fell ut.
- h) Det er kutta kr. 100 000 i vedlikehald kyrkjegardar. **043 kyrkjegardar**. Sjå separat vedlikehaldsbudsjett som viser kva for tiltak som fell ut.
- i) Det er lagt inn bruk av disposisjonsfond kr. 227 000. Dette vert dekt opp ved fondsmidlar frå dei gamle fellesråda. Rekneskapen 2019 vil visa kor mykje det står att frå dei gamle fellesråda, men det skal etter førebelse tal vera nok til å dekkja opp summen som er foreslått nytta frå fond.

Budsjetttsituasjonen er med dette ikkje optimal for å starta opp eit nytt fellesråd. Dette året bør jo i utgangspunktet nyttast til å finne gode arbeidsmetodar. Vi vil møta ulike utfordringar medan dei nye rutinane innarbeidast. Kor vil drifta kosta meir enn vi trur, kva vil kosta mindre? Bruk av disposisjonsfond for å få budsjettet til å gå i null kan vera eit risikabelt grep på sikt, men alternativet dette året ville ha vore å skjera alt «ned til beinet», seie opp tilsette eller redusere i stillingsprosenten på ei ledig kantorstilling.

Skulle det oppstå situasjoner med meirkostnad på kyrkjer og kyrkjegardar, har fellesrådet høve til å søkja kommunen om ekstraløyingar.

Investeringar, økonomiplan 2020 – 2023

Økonomiplantala for 2020 (investeringstiltak og større vedlikehaldstiltak over kr. 100 000) er beholdt slik dei var etter førre handsaming i fellesnemnda, med auke på kr. 25 000 i tiltaket «Nytt urnefelt på Berjaflot». Sjå økonomiplan 2020 – 2023 (separat vedlegg).

Forslag til vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vedtek driftsbudsjett og vedlikehaldsbudsjett 2020 slik dei ligg føre.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vedtek økonomiplan 2020 – 2023.

Uttale i administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalget har ingen merknader til det føreslegne budsjettet.

Handsaming:

Kyrkjeverja svarte på spørsmål.

Fellesrådet bad kyrkjeverja oppmode sokneråda til å søkje om eksterne midlar i støtte til tiltak som ikke er komne med i budsjettet, dette i samråd med kyrkjeverja.

Vedtak:

1. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vedtek driftsbudsjett og vedlikehaldsbudsjett 2020 slik dei ligg føre.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd vedtek økonomiplan 2020 – 2023.

Samrøystes.